



Kyrkjemøtekomiteen sine merknader
og Kyrkjemøtet sitt vedtak

Evaluering av demokratireforma 2008-2011

Kyrkjemøtekomiteen sine merknader

Komiteen syner til saksorienteringa og legg den til grunn.

Komiteen syner óg til *Prop. 71 L (2011-2012) Endringer i kirkeloven m.m. og Innst. 233 S (2011-2012) til Stortinget fra kontroll- og konstitusjonskomiteen* som inneheld moment av relevans for saka.

Evaluering/erfaringar frå demokratireforma

Komiteen syner til sluttrapporten frå evalueringa av demokratireforma, som konkluderer med at dei kyrkjelege organa har fått sterkare demokratisk legitimitet og forankring hjå kyrkjemedlemmene. Valdeltakinga har auka, og det har blitt større breidde både i veljargrunnlag og mellom dei valte medlemmene av råda. Dette er viktige og positive resultat av demokratireforma. Komiteen meiner difor at demokratireforma samla sett er tilfredsstillande følgt opp. Denne breie deltakinga er eit viktig grunnlag for vidare utvikling av kyrkja sine demokratiske ordningar. Demokratireforma som var føresett i kyrkjeforliket er gjennomført, men kyrkja si utvikling av kyrkjedemokratiet må halde fram. Demokratireforma har lagt eit godt grunnlag for dette. Brei demokratisk deltaking er eit viktig kjenneteikn på ei velfungerande folkekyrkje.

Komiteen vil særleg framheve at kyrkjevalet i 2009 og 2011 var betre tilrettelagt for veljarane enn tidlegare. Veljarane hadde auka tilgjenge til valet og vallokala. Gjennomføring av kyrkjevalet til same tid og i umiddelbar nærleik til dei politiske vala vert i sluttrapporten framheva som den faktoren som har hatt størst innverknad på auken i valdeltakinga. Det var òg betre kommunikasjon med medlemmene mellom anna gjennom utsending av valkort. Veljarane sin innverknad på kven som skal veljast vart styrkt, mellom anna gjennom auka bruk av direkte val. Alle desse faktorane har verka saman til å gjere demokratiet meir tilgjengeleg for alle dei røysteføre medlemmene i kyrkja. Komiteen meiner det er viktig å bygge vidare på slike erfaringar frå demokratireforma i den vidare utviklinga av kyrkja sine demokratiske ordningar.

Komiteen viser til sluttrapporten som peiker på at det står att store utfordringar i høve å etablere reelle valalternativ. Informasjonen om kandidatane og kva dei står for, og om skilnader mellom dei har ikkje vore god nok. Mykje meir kan gjerast for at kandidatane blir betre kjende. Informasjonen om kva kandidatane står for kan nyttast betre i nominasjonsarbeidet. Ordninga med preferanseval ved valet av bispedømmeråd og Kyrkjemøtet kravde at veljarane var godt informerte, både om korleis ein skulle røyste og om kva dei einskilte kandidatane sto for. Komiteen meiner talet på forkasta røyster

ved valet på bispedømmeråd og Kyrkjemøtet syner at ordninga med preferanseval ikkje har fungert tilfredsstillande. Ordninga har óg ført til at forbokstaven i kandidaten sitt etternamn har hatt innverknad i valet. Dette syner at ikkje alle veljarane har hatt nok rettleiing til å røyste etter si oppfatning. Det var krevjande for veljarane at handsaminga av røystesetelen ved soknerådsvalet og ved valet på bispedømmeråd og Kyrkjemøte har vore ulik. Komiteen meiner at det må arbeidast for å finne ei betre valordning ved valet på bispedømmeråd og Kyrkjemøte.

Komiteen vil peike på dei positive erfaringane med den endra opptellingsmåten ved soknerådsvalet i 2011. Den gav større påverknad til dei som aktivt endra på røystesetelen, og overførte makt frå nominasjonskomiteen til veljarane. I motsetnad til tidlegare, hadde alle kandidatane på lista reell sjanse til å bli valt inn. Komiteen meiner kyrkja med dette har funne ei betre ordning for soknerådsvalet.

Komiteen registrerer at det samla talet på kandidatar til soknerådsvalet er gått ned, og at fleire og fleire sokn ikkje klarer å fylle listene med nok kandidatar. Komiteen vil likevel framheve at meir enn 15 000 kyrkjemedlemmer stilte opp som kandidatar til soknerådsvalet.

Komiteen vil og peike på dei positive erfaringane med supplerande nominasjon ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Ordninga har gjeve kyrkjemedlemmene større innverknad på nominasjonsprosessen, i tillegg til sjølve valet.

Komiteen vil understreke at kyrkjeval med så omfattande tilrettelegging og kommunikasjon ikkje hadde vore mogleg utan auke i løyvingane på statsbudsjettet. Det er store kostnader knytt til kommunikasjon og til gjennomføring av val til same tid og i umiddelbar nærleik som dei politiske vala. Det siste krev både fleire vallokale enn før, lenger opningstider i vallokala og fleire valfunksjonærar. Skal ein halde fram med å gjennomføre val samstundes og i umiddelbar nærleik til dei politiske vala, krev det løyvingar på same nivå som ved kyrkjevala i 2009 og 2011.

Komiteen vil framheve at valkortet, som ei personleg utsending til alle røysteføre kyrkjemedlemmer har vist seg som eit effektivt og målretta kommunikasjonstiltak. Over 90 % av kyrkjemedlemmene visste om valet. Kyrkja har aldri hatt liknande høve til direkte kommunikasjon med alle sine medlemmer i røystefør alder. Samstundes er det rom for forbetringar i kommunikasjonen kring kyrkjevalet. Det gjeld både presentasjon av kandidatane, rask kunngjering av valresultat og kven som vart valt. Det er ønskjeleg at det blir sett av meir ressursar til presentasjon av kandidatane.

Komiteen viser til at talet på unge veljarar i alderen 15-17 år nesten vart dubla frå 2009 til 2011. Komiteen legg særleg vekt på dei unge si valdeltaking. Den er ein verdi i seg sjølv, og kan bidra til større demokratisk breidde. Unge under 18 år har ordinært ikkje røysterett ved politiske val. Komiteen meiner difor det er naudsynt å arbeide særskilt aktivt for å mobilisere denne aldersgruppa. Kyrkja har eit unikt høve til å inkludere dei unge i vala. Dei får røysterett i ein livsfase der kyrkja og lokalmiljøet kan bidra til opplæring og motivasjon til demokratisk deltaking gjennom val.

Vegen framover

Dei to siste kyrkjevala vart gjennomført etter midlertidige reglar. Før kyrkjevalet i 2015 er det naudsynt med endringar i valreglane. Desse reglane må handsamast av Kyrkjemøtet seinast i 2014. Komiteen meiner det er særskilt viktig å finne ei betre ordning for val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Komiteen viser til dei positive

erfaringane med endringane i reglar for val av sokneråd. Komiteen meiner ein kan vurdere om element frå denne ordninga kan nyttast ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet.

[Avsnittet er flyttet opp]

Komiteen bed Kyrkjerådet følgje utviklinga av og erfaringane med elektronisk røysting ved politiske val nøye. Nettval vil kunne gje dei som har opphald utanfor heimsoknet, mellom anna skuleelevar og studentar, betre høve til å røyste. Det vil óg ta omsyn til dei som allereie kan røyste elektronisk ved dei politiske vala.

Kyrkjeforliket av 2008 føreset at Stortinget skal vedta endeleg valordning for Den norske kyrkja. Komiteen ser at det innanfor ramma av kyrkjeforliket kan vere naudsynt å justere den delen av kyrkjelova som vedkjem samansetjing og val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Under demokratireforma vart samansetjinga av bispedømmeråd og Kyrkjemøte endra i medhald av ein forsøksheimel i kyrkjelova. Innanfor ramma av kyrkjeforliket kan det vere tenleg at desse endringane vert nedfelt i kyrkjelova.

Komiteen er kjend med at ei sak om valordning i Den norske kyrkja er venta lagt fram for Stortinget våren 2013. Det er lagt opp til at denne saka skal førebuast i samarbeid med Den norske kyrkja sine organ. Komiteen føreset at dette vert følgd opp. Komiteen viser til kyrkjelova § 24 tredje leddet, bokstaven a: *Kirkemøtet gir uttalelse i saker om viktige endringer i lover på det kirkelige område*. Komiteen vil understreke at eit eventuelt lovframlegg må leggjast fram for Kyrkjemøtet til uttale før endeleg handsaming i Stortinget. Det vil krevje tett samarbeid mellom departementet, Kyrkjerådet og Stortinget å få til ein god prosess der kyrkja si røyst blir høyrst i samsvar med kyrkjelova.

Komiteen vil minne om at Kyrkjemøtet tidlegare har uttalt at fastsetjing av valordning for Den norske kyrkja prinsipielt ligg innanfor området for intern-kyrkjeleg regulering (sak KM 8/07, pkt. 1.1.2). Kyrkjemøtet meinte samstundes at den framtidige lovreguleringa av Den norske kyrkja måtte innskrenkast til ei kortfatta rammelov for Den norske kyrkja, og at Kyrkjemøtet bør få mynde til fastsetje reglar for kyrkja si verksemd. Komiteen ser at det innanfor ramma av kyrkjeforliket ikkje er tale om ein slik rettstilstand, og at det er den noverande kyrkjelova som eventuelt skal endrast.

Komiteen ser at kyrkja sine valordningar kan utviklast på mange måtar, og at mange spørsmål kan diskuterast, til dømes om ein skal halde fram med dei ulike valkategoriane ved val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Komiteen meiner slike spørsmål òg må sjåast i samanheng med utvikling av den framtidige kyrkjeordninga for Den norske kyrkja.

Komiteen har drøfta spørsmålet om direkte val og kombinasjon av direkte og indirekte val. Komiteen meiner dette er viktige spørsmål ein må drøfte vidare fram mot revisjonen av valreglane før valet i 2015.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. Demokratireforma har styrka dei kyrkjelege organa sin demokratiske legitimitet og forankring hjå medlemmene, og ført til større deltaking og auka breidde i det kyrkjelege demokratiet. Kyrkjemøtet meiner difor at demokratireforma samla sett er tilfredsstillande følgt opp. Kyrkjemøtet meiner det er viktig å bygge

vidare på erfaringane frå demokratireforma i den vidare utviklinga av kyrkja sine demokratiske ordningar. Brei demokratisk deltaking er eit viktig kjenneteikn på ei velfungerande folkekyrkje.

2. Kyrkjemøtet vil understreke at gjennomføring av kyrkjeval som i 2009 og 2011 krev løyvingar på minst same nivå. Dette inneber mellom anna kostnader til valkort og andre kommunikasjonsiltak, samt kostnader knytt til gjennomføring av kyrkjelege val samstundes med og i umiddelbar nærleik til dei politiske vala.
3. Kyrkjemøtet viser til tidlegare kyrkjemøtevedtak om at det er kyrkja sine organ som bør definere innhaldet i ei framtidig valordning (sak KM 8/07, pkt.1.1.2). Kyrkjemøtet ser at det innanfor ramma av kyrkjeforliket av 2008 kan vere trong for å justere kyrkjelova sine reglar om samansetjing og val av bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Kyrkjemøtet føreset at eventuelle framlegg til endringar i kyrkjelova blir utarbeidd i samarbeid med kyrkja sine organ. Ein føreset vidare at Kyrkjemøtet får lovframlegg til uttale før endeleg handsaming i Stortinget.
4. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å utarbeide framlegg til reviderte valreglar før neste kyrkjeval i 2015. Dette må leggjast fram for Kyrkjemøtet seinast i 2014. Det er særskilt viktig å etablere ei betre ordning for val til bispedømmeråd og Kyrkjemøte. Ordninga med preferanseval har ikkje fungert tilfredsstillande. Valordninga må vere enklare for veljaren og gje veljaren reelle valalternativ.
5. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å arbeide vidare med planar og system for kommunikasjon kring kyrkjevala. Kyrkjemøtet vil framheve at valkortet, ei personleg utsending til alle røysteføre kyrkjemedlemmer, har vist seg som eit effektivt og målretta kommunikasjonsiltak. Kyrkjemøtet meiner det er rom for forbetringar særleg når det gjeld tiltak for å gjere kandidatane kjende for veljarane, og for kunngjering av valresultatet snarast råd.
6. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet i samarbeid med Samisk kyrkjeråd om å utarbeide framlegg til ei betre ordning ved val på samiske representantar til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet og Samisk kyrkjeråd vert óg bedne om å følgje opp Strategiplan for samisk kyrkjeliv når det gjeld samiskkyrkjeleg demokrati (pkt. 5. 17).

(Samrøystes vedteke)